



Nr 1 | 2025 | 76. árgang



*God
sumar!*

Løft blikket og sjå!

Ei amerikansk avis fortalte ei historie om ein byoriginal. Som ung gut hadde han ein dag funne ein 5dollar setel på gata. «Frå då av hadde han aldri løfta blikket frå bakken medan han gikk» Gjennom åra hadde han samla opp 29 516 knappar, 54 172 jakkemerker. Videre hadde han fått med seg ein del myntar, ein bøygd rygg og ei elendig kroppshaldning», skreiv avisa.

Han miste meir enn han fann, vil vi sei. Ikkje la han merke til solstrålane, blomstrane, fuglane, smilet i folks ansikt. Han såg jo heile tida ned i rennesteinen.

I mai i år var USA tidlegare president, Barak Obama, på besøk i Oslo, og i ein panelsamtale i Oslo spektrum erkjente han at nokre av utviklingstrekkene i verda i dag kan være skremmande; men det som

bekymrar meg, fortsette Obama, er at unge menneske skal miste motet og bli kyniske. Og så utfordra han dei unge som hørde på: På kva tidspunkt i verdas historie ville du helst bli født? Og svarte sjølv; «Trass alle fryktelege ting som skjer så ville du likevel valt i dag, sa han. Og viste til framsteg innan helse og toleranse mellom grupper av menneske.

Vi menneske har mange plikter på jorda, og kvardagen vår krev at vi har bakkekontakt: Bibelen seier til alle som er bekymra for framtida: *«Er de då oppreiste med Kristus, så søk det som er der oppe, der Kristus sit ved Guds høgre hand. 2 Vend dykkar sinn til det som er der oppe, ikkje til det som er på jorda. Kol 3, 1-4:*

Bibelen lærer oss å løfte blikket mot himmelen. Det er viktig å løfte blikket å sjå kva vi har.

Sjå opp! Jo visst høyrer vi verda til, men vi er skapt og kjøpt for å høyre til evigheita.

Da Kristus stod opp frå grava sprengte han alle banda som heldt han fast. Dermed gjekk han føre alle som trur. Vi skal følgje etter, og ein gong møte han for Guds trone. «Søk det som er hos Gud», ber Paulus. Han var ein praktisk mann som gav oss tips om korleis være menneske i kvardagen. Det går an å være jordvend og himmelvend samtidig. Eg kan gjere praktiske kvardagstenester og tenkje på Kristus og hans rike samtidig mens eg gjer dei. Verda er full av distraksjonar og tidstjuvar som vi ikkje skal feste oppmerksamheita til. Sjå oppover, søk det som er der oppe.

Runar Matsui-Li, sokneprest

Alværa sommarhotell



Det blei stor suksess med sommarhotell på Alværa kyrkje-og misjons-senter i fjor, og i år vert det ope for overnatting frå 25. juni–23. juli. Frukost er inkludert, men vil du ut på tur så kan du avtale å smørje niste ved frukosten, og bestille middag til du er tilbake om kvelden. Bestilling kan gjerast på booking.com eller på tlf.: 984 64 290. Det vil også bli søndagsbuffet på søndagane, det blei svært populært, så det er berre å bestille bord!

Jens Friis og Mona Rosvold er vertskap i år som i fjor, og innbyr til god mat, ei god seng, avslapping og ein dukkert i sjøen om du vil! Litt aktivitetar for born er der også på uteområdet. Velkommen!



Endringar i prestetenesta for Hyllestad, Balestrand og Vik

Frå prostane i Sunnfjord og Sogn har vi fått denne orienteringa: Vi prostane arbeider for å gje sokna god og stabil presteteneste. Rekrutterings-situasjonen er krevjande for prestetenesta i området vårt.

Vi har i eit år hatt forsøk med å dele sokneprest mellom Balestrand og Hyllestad. Situasjonen i området er no endra i og med at prestane i Vik er ute av teneste frå 1. august. På same tid vart vi kjend med at Karl Hjelmeland flyttar heim til Lavikdalen og var villig til å gjere noko presteteneste. Etter ei samla vurdering er vi komne til at den beste løysinga vil vere slik:

Hyllestad:

Karl Hjelmeland går inn som sokneprest i Hyllestad (50%).

Balestrand og Vik:

Runar Matsui-Li held fram som sokneprest i Balestrand (50%) og i tillegg vert ein ressurs i Vik (50%, prostiprest med delansvar for presteteneste fengsel).

For både Karl og Runar gjeld ordninga i første omgang frå 20/8 til 31/12 – 2025, men Runar vil i alle høve vere knytt til Balestrand heile neste skuleår. Han har også ansvar for konfirmantar både i Balestrand og Vik.

Vik:

Sokneprest-stillinga i Vik vil verte lyst ut så snart som råd. Pensjonert prest, Stein Oltedal, vil gjere teneste som fungerande sokneprest frå tidleg i august og i første omgang til 31.1.26

Minikonfirmasjon

I Hyllestad har vi hatt 12 minikonfirmantar til 4 samlingar og to gudstjenester gjennom skuleåret. Siste helga i april drog dei til Alværa kyrkje- og misjonssenter på leir, saman med minikonfirmantar frå Høyanger og Balestrand.



Årets konfirmantar klare for konfirmasjon i Hyllestad kyrkje, laurdag 3. mai



I år hadde vi 8 konfirmantar og fullsett kyrkje. I sin tale til konfirmantane oppfordra sokneprest Matsui- Li dei unge til å leite etter skattar gjennom livet, for det er mykje fint å finne for dei som leitar. Finn du ikkje det du leiter etter, kan du tenkje gjennom det du har lært i konfirmant-undervisninga. Det er

mykje fint der som kan bety mykje for deg. Jesus er den store skatten og hans kjærleik breier seg i verda gjennom menneske som lever vanlige liv i bygder og byar. Soknerådsleiar Jan Olav Gjerde sa i si helsing, at konfirmanden står i overgang mellom barn og voksen-livet og anbefalte dei unge til ikkje å ha for store

forventningar til voksenlivet; legg ikkje for mange planar, livet blir annleis enn du kan førestille deg. Han oppfordra dei unge til å være modige og tru på seg sjølve, samt vera snill med alle de møter, det må aldri gå av mote. «Å vera snill» svarer seg i det lange løp.



Frå v.: Ronja Sundbotten Eikelid, Marija (Masha) Liashenko, Matias Holen Dale, Vibeke Forthun Lekva, Leander Mattson Hatlebrekke, Malin Boge Skaar, Benjamin Herland Aralden, Vilje Amanda Holst.

OLSOKVANDRING I YTRE SOGN OG SUNNFJORD

MED PILEGRIMSPREST EINAR VEGGE - HYLLESTAD/FJALER/ASKVOLL

26.-28. JULI 2025

På veg mot olsokmesse på Kinn legg pilegrimsprest Einar Vegge turen innom Hyllestad, Fjaler og Askvoll, og inviterer alle som måtte ynskje det å slå følge på vegen. Delar av ferda føregår til fots, akkompagnert av kulturhendingar som perler på ei snor undervegs, og – ikkje minst – unike steinkrossar som i tusen år har pryda Vestlandskysten. Vel møtt til ein fin tur i rik natur og kultur!



PILEGRIMSLEDEN
ST. OLAVSVEGENE TIL TRONDHEIM

Laurdag 26. juli:

Pilegrimsvandring: Rysjedalsvika – Indrefjord- Kolgrov- Hyllestad.

Oppmøte Rysjedalsvika kai kl. 10:00

Arrangør: Selje RPS/Nøkkelstadgruppa i Hyllestad. **Merk:** Høve for transport for ev. bil- eller bagasjeheving i Rysjedalsvika eller dusj i etterkant av turen. Kontakt Audun Systad per telefon 971 55 237 innan 19.07. om dette er aktuelt for deg.

Kulturkveld i Hyllestad kyrkje kl. 17:00.

Arrangør: Kyrkja i Hyllestad / kystpilegrimsarbeidet

«Til Rio og heimatt»: Smakebitar frå kabareten v/songgruppa Moreld m.fl.

«Pilegrimen i slektskap med naturen og i dragninga mot det heilage.»

Føredrag v/Einar Vegge.

NB: Sognhostel, Salbu - sertifisert pilegrimsherberge

Eit glimrande utgangspunkt for vandringa søndag!

Merk: Ynskjer du middag? Felles middag kl. 19.30 .Meld ifrå innan 19.07. til Sognhostel, anten per e-post post@sognhostel.no eller tlf. 90787693. For overnatting samme mobil/ e-post. Velkommen!

Søndag 27. juli:

Pilegrimsvandring: Salbu – Ulvikåsen – Rutlekvia – Osen/Skifjord (-Korssund).

Oppmøte Sognhostel kl. 09:00

Arrangør: Selje RPS/Nøkkelstadgruppa i Hyllestad. **Merk:** Høve for transport Skifjord – Korssund. Kontakt Audun Systad per telefon 971 55 237 innan 19.07. om dette er aktuelt for deg.

Friluftsgudsteneste ved steinkrossen i Korssund kl. 14:00

Arrangør: Kyrkja i Fjaler og Askvoll. Prestar: Audun Systad og Einar Vegge. Song ved Kirsten og Jostein Ryland. Høve til kjøp av middag; kaffi/kaker ved Korssund kai. Sjå eige program.

Måndag 28. juli (olsokafta):

Kulturvandring og kyrkjekaffi. Oppmøte Vilnes kyrkje, Atløy kl. 17:30.

Arrangør: Kyrkjelydsutvalet Vilnes sokn, Askvoll i samarbeid med repr. frå pilegrimsarbeidet.

MERK: Programmet er koordinert av Kystpilegrimsleia/Selje regionale pilegrimssenter si nøkkelstadgruppe i Hyllestad. Atterhald om moglege endringar – sjå oppdatert innhald på pilegrimsleden.no og Facebook. Ikkje påmelding – deltaking skjer på eige ansvar. Ev. spørsmål rettast nøkkelstadgruppa pr. tlf. 97155237 (Audun Systad) eller 99259072 (Alexander A. Rauboti). Vel møtt!



PILEGRIMSLEDEN
ST. OLAVSVEGENE TIL TRONDHEIM

Opprydding i gravminner

Denne sumaren vonar vi koma i gong med opprydding i gravminna på den gamle delen av Øn gravplass. Det vil medføra at plassering av gravminne vil verta justert i samsvar med fastmerka og gravlegging. Det vil samstundes verta fylt på jord i ujamnheiter. Alle som er gravlagd etter midten på 80-talet, er gravlagde i samsvar med fastmerka. Heilt fram til ganske nyleg, har gravminna vorte montert på line med gamle gravminne og dette ynskjer vi få retta opp i. Her kjem ein til å ta rad for rad, slik at dette kan takast i periodar der været er nokolunde.

Endeleg er den etterlengta oppslagstavla vår på plass ved Hyllestad kyrkje

Etter mykje att og fram og grubling for å finna ei god løysing på korleis montera dette, litt ufullstendige byggjesettet, har vi endeleg lukkast!

Tavla ser ut til å kunna fungera godt, slik at plakatar og ev. informasjon som vert hengt opp her, vil halda seg tørre. Her vil det alltid hengja same plakat som ligg på infoskjermen for Hyllestad. I tillegg kan det verta hengt opp informasjon knytt til gravplassane våre mm.



Sunnfjord Gravferdsbyrå

*Vi vil på beste måte hjelpe dykk som pårørende,
med alt som høyrer ei verdig gravferd til.*

Blomstertorget A/S · Dale Senter · 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 · Mobil 975 21 569 · Telefaks 57 73 98 01

ÅM SOGNES BYGDESERVICE



PARK/HAGE

- Sommarvedlikehald
- Nyetablering
- Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

STEIN

- Beleggningsstein · Kantstein · Gråsteinsmuring

LANDBRUK

- Handtering av husdyrgjødsel
- Graving



6953 Leirvik i Sogn tlf: 959 43 735 www.aamsognes.no

ÅRSRAPPORT 2024

Hyllestad sokn



Hyllestad sokneråd er organ for soknet på kommunenivå. Hyllestad kommune har eitt sokn med eitt sokneråd som har ansvar for både soknerådssaker og fellesrådssaker.

Årsrapporten er eit samarbeids-prosjekt mellom sokneprest, kyrkje-sekretær og kyrkjevevjerje. Alle har gitt viktige bidrag om sine ansvarsområde til den gode kyrkjelege aktiviteten i Hyllestad sokn.

Lovverk gjeldande frå 1.1.2021 som gjeld soknet si verksemd

Trossamfunnsloven «Lov om tros- og livssynssamfunn», Kapittel 3. Den norske kirke.
Kirkeordning 30. mars 2019 nr. 2307 for Den norske kirke fastsett av Kirkemøtet med heimel i tros-samfunnsloven §§ 11, 12, 15 og 17

Gravplasslova og gravplassforskrifta

1. januar 2021 tok statsforvaltaren i Vestfold og Telemark over bispedømerådet sitt ansvar for godkjenning av gravplassar, og som klageinstans i saker knytt til gravplasslova/ gravplassforskrifta. Der er også gravplassrådsgjevar-tenesta lokalisert.

Hyllestad sokneråd har 6 faste leke medlemmer og 4 leke varamedlemmer, for perioden 2023-2027:

Faste medlemmer: Inger Hauken, Reidun Skår, Anny Dale Fureli, Jan Olav Gjerde, Agnete Solheim og Brit Inger Skaar. *FR sak nr.10/24., Agnete Solheim innvilga fritak frå vervet og Jofrid Hatleberg går inn som fast repr. Frå 18.04.24*

Varamedlemmer: 1. vara: Rune Risnes, 2. vara: Siv Åshild Fristad og 3. vara: *Helge Roald Jomisko har flytta frå kommunen og Hyllestad sokneråd har soleis berre 2 leke varamedlemmer*

Geistleg representant i rådet: Runar Matsui-Li, personleg vara: prost Knut Magne Nesse

Kommunal representant: Eva Mette Olsen Høie, personleg vararepresentant: Stein Arne Solheim.

Når soknerådet handsamar saker som involverer kommunen (har kommunal finansiering gjennom drift- og investeringstilskot), møter representant frå kommunen i rådet.

Frå 01.11.23: Soknerådsleiar: Jan Olav Gjerde. Soknerådsnestleiar: Inger Hauken.

Tilsette hos Hyllestad sokn

Kyrkjeadministrasjon:

Kyrkjevevjerje 50%, Renate Ørnehaug Dale

Kyrkjeseekretær 40%, Aslak Åm Sognnes. I tillegg til å vere sekretær har han ansvar for gravplassar inkl. festeavklaring. Han avlastar kyrkjevevjerje og har praktisk tilsyn med kyrkjer og gravplassar, er altmogelegmann.

Kyrkjer: 0,75 årsverk: Kyrkjetenar 40% Helge Oddvin Systad. Organist 35% Erling Akse.

Trusopplæring: Kyrkjelydspeagog 25%, Framleis vakant

Tilsett hos Bjørgvin bispedømeråd:

Sokneprest, Runar Matsui-Li, frå hausten 2024 delt med Balestrand med halv stilling på kvar plass.

Soknepresten er også representert i kommunen sitt kriseteam.

Kjøp av tenester – inngåtte avtaler

Vedlikehald av gravplassane vert utført av Indrefjord Gard, Ole I Sognnes. Gravngstenester, opning og lukking av

grav, vert utført av Hyllestad Bygg AS, Harald Espeland.

Kyrkjekontoret

Kyrkjeadministrasjonen og soknepresten har gode kontor i tredje etasje på kommunehuset, med utsikt til Hyllestad kyrkje. Ulempa er at her, til liks med andre kontor i kommunehuset, er veldig lytt. Til fortrulege samtaler må soknepresten nytte kyrkja.

Soknerådsmøte

Soknerådet hadde 7 møter og handsama 42 saker. Soknerådet hadde oftast møte onsdagar frå kl. 17.00.

Årlege soknerådssaker er budsjett, økonomiplan og rekneskapsaker, samt årsrapport. Det er òg gudstenesteplan og offertildeling. Val av leiar og nestleiar skal gjerast årleg.

Av andre saker kan nemnast:

Trusopplærar/kyrkjelydspeagog, jobba med å få til ei samarbeidsstilling med Fjaler- og Askvoll sokn. Ikkje lukkast i tilsetting i 2024. Dette blir jobba vidare med i 2025.

Øn kyrkje, hjortegjerdet Hyllestad gravplass.

Kyrkjebygga i Hyllestad

Soknerådet fekk utarbeidd tilstandsrapport for Øn kyrkje i 2022. Rapporten slår fast at det harast med vedlikehald av Øn kyrkje. Rapporten vart vidaresend til kommunen i 2022. Her vert utført «naudreparasjonar» etter behov, var tinga graving for drenering av takvatn dette året, men ein rakk det ikkje før telen kom. Vil bli teke våren 2025.

Hyllestad kyrkje er bygd om og fungerer svært godt som «såkalla» arbeidskyrkje, og her er svært mykje aktivitet. Bø kyrkje er listeført hos Riksantikvaren. Øn kyrkje er den nyaste og største av kyrkjebygga, og som no treng omfattande vedlikehald.

Kyrkjelydsmøte – soknemøte med

orientering om årsrapporten vart ikkje halde i 2024, men rapport vart lagd ut på heimesida vår.

LIVSRITER

	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Dåp - totalt	10	8	7	7	5	6	8
Konfirmant	18	10	18	8	9	13	8
Vigsel	0	0	0	2	0	0	1
Gravferd/bisetjing	15	20	19	16	19	12	18

Prestetenesta:

Runar Matsui-Li ble tilsett som sokneprest hausten 2022 og har vore sokneprest i 2024. Stillinga er redusert til 50% frå hausten 2024 (resterande 50% er i Balestrand).

Gudstenester

Soknepresten legger gudstenesteplanen i samsvar med årshjulet for soknet. Før planen blir sakshandsama i soknerådet blir den sendt til prosten i Sunnfjord prosti for godkjenning. I 2023 blei talet på søndagar med forordna gudstenester redusert til 2 per månad. Dette førte til at vi måtte reduserte talet på gudstenester i Øn og Bø kyrkjer. Grunnlaget for endringa er at stillinga ikkje er 100%. Gudstenestene i forbindelse med høgtidene blir ikkje råka av denne endringa og soknepresten gjer også teneste på søndagar med anna kyrkjelydsarbeid som eksempel kyrkjelydsbasaren, kulturskulens julekonsert og Basecamp.

Gudstenesteliv i Hyllestad

Eiklund – Hyllestad omsorgssenter

Runar prest og Erling organist heldt andakt og song om lag ein gong kvar månad. Det er godt oppmøte og samarbeidet med dei tilsette er godt. Jostein Kvåle deltek som frivillig medarbeidar.

Diakoni – Kyrkja si medmenneskelege omsorg og fellesskapsbyggjande arbeid

Kyrkjelyden har ikkje diakoniplan eller diakoniutval, men driv med mye diakonalt arbeid gjennom kyrkjelydsarbeidet og det den enkelte medlem gjer for lokalsamfunn og grannelag til kvardags. Kyrkja gir ei helsing til jul til alle som har halde gravferd for sine kjære. I 2024 har det ikkje vore mykje kaffidrikking etter gudstenestene.

Bønegruppa

Bønegruppa i kyrkjelyden samlast kvar onsdag. Gruppa brukar det nye tårnrommet bak orgelet på galleriet. Nokre gonger brukar ein kyrkjerommet. Anfrid Misje Åsmul leiar den gruppa. Det blir elles bede for samlingane og dei tilsette i kyrkjelyden, og elles for det som rører seg i den store verda. Her er nok av bøneemne!

Songgruppa Moreld

Songgruppa Moreld øver kvar veke i kyrkja og deltek på nokre gudstenester og samlingar. Ei gruppe frå deltok på Thomas-messa og Lysmessa saman med mini- og konfirmandane

Interkulturell kafé (v/Audun Systad)

Kurset «Inviterande kyrkje» i 2021 gav startskotet til det som vart satsingsområdet «Interkulturell kafé» i Hyllestad kyrkje. Medan det var 2 samlingar i 2022, var det 5 samlingar i 2023, og 4 samlingar i 2024.



Frammøte har vore på eit snitt rundt 30, av og til meir og av og til mindre. Dette er lågterskeltilbod der menneske frå ulike kulturar kan møtast. Ein får vaflar og litt kake/frukt. Det er hobbyaktivitetar for born (t.d laga englar i adventstida, fastelavensris i februar osv.). Det er lystenning og gjerne eit musikalsk innslag. På ei av samlingane stilte t.d. nokre ukrainske kvinner opp og sang ein sang på ukrainsk. Organist Erling var med på nokre av samlingane. Praten går liveleg og folk ser ut til å kose seg. Fleire ulike nasjonar har vore represenerte. Ein god prosent av dei som var med på planleggingskursa har hjulpet til praktisk. Nokre har og meldt seg som «flyktningvener» i regi av Røde Kors, som er aktive på dette området, og ein har språkkafe på biblioteket kvar fredag.

Me tek med eit lite referat som stod på fb i februar: «*Det vart ei fin stund på den interkulturelle kafeen i kyrkja idag. Det kom mange frå Ukraina, og Norge var og bra representert. Gode fastelavensbollar og vaflar. Takk til alle som hjalp til! Me høyrde vakker sang frå Kirsten og Jostein, og frå Filippinene fekk me ei kjekk overrasking med flott sanginnslag. God prat og fellesskap rundt borda. Fastelavensriset vart fint. Lystenning for land og utfordringar i verda idag.*»

Kystpilegrimsleia (v/Audun Systad)

2024 var eit aktivt år når det galdt Kystpilegrimsleia og Kvernsteinsparken som nøkkelstad. (nr.12 av 26- og såleis midtvegs mellom Egersund og Trondheim). Dagleg leiar i Kvernsteinsparken Alexander Asphaug Rauboti, tok over som leiar i nøkkelstadnemnda 18. mars, og denne nemnda har hatt 4 møter. Den er slik samansett:

• Alexander A. Rauboti (leiar frå 18.03.24, MiSF) • Audun Systad (leiar fram til 18.03.24, Hyllestad sokneråd) • Leif Akse (Hyllestad sogelag) 4 • Anne Berit Garnes (Sogn Hostel) • Astrid Waage (Hyllestad sokneråd, steinkrossnemnda) • Frøydis Akse (reiselivsgruppe) • Jan Olav Gjerde (Hyllestad sokneråd) • Hildegunn Hatlem (kommunalsjef oppvekst, kultur og idrett) • Laila Johannessen (næringskonsulent i Hyllestad) (slutta). Nøkkelstadgruppa i Hyllestad har hatt fire møter i 2024: 14.02, 18.03, 06.05 og 10.09. Det er oppretta Facebook-gruppe for internt kommunikasjon og arbeidsgrupper som jobbar med m.a. profilering av nøkkelstaden med fokus på Kvernsteinsparken/Krossbrotet/Hyllestad gamle kyrkjegard, samt utvikling av leia med egne vandreruter. Fleire reiselivsaktørar er aktive, m.a. «Viking Footprints». (Henta frå årsrapport Selje Pilegrimssenter)

AKTIVITETAR:

- I 2024 var steinkrossane meir framme i det digitale formidlingsopplegget (7. klasse i Hyllestad) for MiSF Kvernsteinsparken.
- Gjestebok og stempel for pilegrimar i postkasse ved Kvernsteinsparken. I 2024 var 40 av dei 2680 registrerte besøkjande der, nemnd som «pielgrimar» (Jfr. årsrapport Selje)
- Presentasjon av nøkkelstaden og arbeidet her v/Audun Systad, Astrid Waage og Alexander A. Rauboti for Musea i Sogn og Fjordane i samband med personalsamling i Hyllestad 18.04. (51 deltakarar)
- I Hyllestad kyrkje gjennomførde prestane Audun Systad og Runar Matsui-Li verdisamtalar for 7. og 8. skuletrinn 05.06. i samarbeid med lærarar ved Hyllestad skule (23 deltakarar). Dette var eit ledd i «Seljumannamesse 1000 år og Verdiseglas i samband med den. Pilegrimsprest Einar Vegge kom dagen i førevegen med kista der verdibreva frå ungdommane skulle bli lagt, og også «håpsflammen» som skulle vere tent.
- Arrangement Kvernsteinsmarknad/ Sommargry 08.06. med 1000-årsmarkering som del av marknadsprogrammet (innlegg/stand



ved Tonje Ramse Trødal, innlegg/ vandring om steinkrossane ved arkeolog Irene Baug, håpsvandring frå Kvernsteinsparken via gamle kyrkjegarden

til Hyllestad kyrkje med overrekking verdibrev i samband med Verdiseglas 2024 (ca 50 deltakarar). Her deltok

flere frå Ukraina. Det vart ei fin stund i kyrkja med gode vaflar frå soknerådet, og helsing ved ordførar Kjell Eide i samband med markeringa.

- Pilotprosjekt «Pilegrimsvandring frå kross til kross» vart arrangert 02.-03.08 med 12 deltakarar. Arrangert av nøkkelstadgruppa for Hyllestad i samarbeid med Skifjord grendelag, Skifjord bedehus og Sogn Hostell. Prøvevandring frå kaia i Rysjedalsvika til steinkrossen i Korssund. Formålet var å prøve ut vanskegrad og tidsbruk for ei vandring for pilegrimar i Hyllestad. Turen gjekk frå Rysjedalsvika via Indrefjord, opp gamal kyrkjeveg via Kolgrov til Kvernsteinsparken. Orientering om aktivitetar og tilbod på Indrefjord gard. Informasjon Kvernsteinsparken, krossgruva og den gamle kyrkjegarden i Hyllestad. Bilskyss til pilegrimsherberget Sogn Hostell med middag. Vandring frå Sogn Hostelover Ulvikåsen langs gammal kyrkje veg langs Rutlevatnet via Skifjord bedehus til Bjørnestad. Båtetappe med Bakkejekta ut Skifjorden til Korssund. Turen kan for framtida også koplust vidare med ferje frå Fure og nordgåande ekspressbåt i Askvoll. Bergen RPS deltok, saman med representantar frå Hyllestad og Gulen. Prosjektet fekk økonomisk støtte frå Hyllestad Vekst.
- Elles har leiaren i Kvernsteinsparken Alexander Rauboti vore aktiv å profilere nøkkelstaden vår t.d. på Kystmuseet i Florø 21.11 «Kortreiste steinkrossar frå Hyllestad» (42 delt.) Presentasjon av nøkkelstaden Kvernsteinparken under personalsamling for Musea i Sogn og Fjordane i Balestrand 01.12. (58 deltakarar).
- Nordic Pilgrim hadde prøvevandring mellom Bergen og Selje med besøk i Kvernsteinsparken og overnatting på Hotell Sognefjord.
- På kystpilegrimskonferansen i Selje 01.-02.10. deltok Audun Systad, Aslak Åm Sognnes (kyrkjesekr.) og Alexander A. Rauboti. Sistnemnde heldt innlegget «Formidling av pilegrimstematikk ved nøkkelstaden i Hyllestad – utfordringar og moglegheiter».
- Nemnast også må «Songkvelden 23. april» i Hyllestad kyrkje, med «Tonar frå vest». Der deltok «Fjordklang» med dirigent William Sowerby Anthun, Kirsten og Jostein Ryland, Runar og Keiko Matsui-Li, fotograf Mal Dickson med videoen han laga: «Et vikingtidsproblem? Overgangen til kristendommen». Audun Systad



fortalde og synte bilete frå tur til Irland i 2022. Dette var eit samarbeid mellom Hyllestad sokneråd og Hyllestad folkeakademi. Om lag 60 personar møtte fram. Servering av frukt og god prat etterpå!

Trusopplæring ved sokneprest Runar Matsui-Li

Soknepresten har ansvaret for trusopplæringa i soknet saman med trusopplæringsutvalet. Sokna i Askvoll, Fjaler og Hyllestad ønskte å tilsette ein trusopplærar på deling. Vi klarte å reise midlar til stillinga og lysa ut stillinga. Det blei likevel ikkje tilsett kyrkjelydspeagog i stillinga og vi prøver på ny i 2025. I 2024 har vi hatt ei samling og utdeling av bøker til 4- og 6 åringer og minikonfirmasjon.

Bibelutdeling og minikonfirmant



Minikonfirmantopplegget er eit tilbod på 4 samlingar i kyrkja til dei som går i 5. klasse. I Hyllestad startar vi opp på hausten med to samlingar før dei deltek på Lysmessa 1. søndag i advent. I januar og februar har de to samlingar og gudsteneste med avslutning og bibelutdeling. Frå hausten var medlemma i trusopplæringsutvalet med i programmet.

Konfirmasjon

Konfirmasjonsførebuinga følgjer skuleåret. På våren hadde vi konfirmasjon av 8 konfirmantar. Programmet er lik som i fjor. Konfirmantane hadde leir på Alværa i januar med konfirmantane frå Høyanger kyrkjene. Dei var og på Kick-Off på Alværa og konfirmantfestival i Gaular hallen med alle konfirmantane i Sunnfjord. Linda Ølmheim har vore med som medhjelpar.

Trusopplæringsutvalet:

Trusopplæringsutvalet er slik samansett: Camilla Avedal Ulvik, Inger Hauken og Kari Nordbø Systad. Utvalet er aktive og særns nyttige støttespelarar i trusopplæringa.

Kyrkjelydsbasar

Vel 100 personar, med smått og stort, fann vegen til Hyllestad kyrkje søndag 27.

oktober og den årlege kyrkjelydsbasaren der inntekta går til trusopplæringsarbeidet.

Som vanleg var det god basar-stemming



med eit yrande liv i kyrkjerommet, med fire åresal, i tillegg til trekking av loddbok som ein har sete utanfor butikkar og selt i haust. I matpausen var det og andakt v/Linda

Ølmheim, samt song av «Moreld». I pausen fekk borna fiske frå galleriet, med garantert fangst! Bak i kyrkja var det god boltreplass for borna, der dei turna og stupte kråke (*sjå første bilete*). Kjekt med eit yrande liv og glade born!



Takk til soknerådet som i år var basarnemnd og til konfirmantane som tradisjonen tru, er sterkt medverkande under heile basaren! Flotte og nyttige vinstar og god kaffimat. Totalt kom det inn heile **kr 63.400,-** på basaren.

Base Camp 12. oktober 2024

For niande gong vart ungdomsleiren Base Camp arrangert i Hyllestad. Også i år var dette lagt opp som eit dagsarrangement i Hyllestad kyrkje. Base Camp samla i år 35 ungdommar, og heile arrangementet var ein fest frå start til slutt.



I år var Veslemøy Gravdal Ryland leirsjef, og med eit velfungerande team rundt seg, fungerte alt prikkfritt i gjennomføringa. Dagen starta med eit flott føremiddagsmøte i Hyllestad kyrkje, ungdommane hadde sett saman eit band med vokalistar og musikarar, og Mari Dale Salbu held ein flott og engasjert andakt. For oss litt eldre, er det så godt å sjå at ungdommar frå Hyllestad kjem tilbake og tek ansvar for Base Camp, både som leiarar og som bidragsytarar, med meningsfulle talar. Det er nok lov for mange å vere stolte, og stor takk til alle som ber for desse flotte ungdommane.

Etter møtet var det aktivitetstid i Hyllestadhallen, og så så bar turen opp til Kvernsteinsparken der det var grilling av pølser, både utanfor og innafor langhuset sine vegger. I år fekk også ungdommane ei innføring i Kvernsteinshistoria til Hyllestad v. Aleksander Rauboti. Mange tykte dette var både engasjerande og interessant. Og ingen Base Camp utan at ungdommane kjem heimatt med ballukt i kleda. Etter pølsegrilling i Kvernsteinsparken var det igjen tid for leik og moro i Hyllestadhallen: sittfotball, kanonball og mykje anna kreativ leik.

I år som i fjor, leigde vi Fleirbrukshuset til middag, servert av vår faste kjøkkensjef Kirsten. Dei som ynskte det fekk seg ein rask (og for nokon svært etterlengta) dusj i Hyllestadhallen, dagen vart avslutta med ettermiddagssamling i kyrkja. Samlinga vart leia av Benjamin Vindenes, og Natalie Schubert Vindenes held ein flott tale, der ho nytta praktiske eksempel som effektive verkemiddel. I år var tema for dagen: **Sannheit**.



I Apostelgjerningane 17.28. les vi: *For i Han er det vi lever og rører oss og er til...* Tema for dagen vart godt og levande presentert av våre flotte talarar. Vi trur at alle som deltok vart sett, heia på, og fekk reise heim med ei god kjensle av å ha delteke på noko verdifullt.

Vi opplever at Base Camp i Hyllestad er eit positivt og godt arrangement som skapar grunnlag for at deltakarane, kvar på sitt vis, kan få anledning til å oppleve eit positivt møte med Guds ord, kyrkja, og kristent fellesskap. Stor takk til våre flotte ungdommar for deira innsats med planlegging og gjennomføring, og også stor takk til dei som stiller opp med velsmakande bakverk, og med praktisk bistand denne dagen. Takk for ein flott dag med Base Camp 2024 og vel møtt til Base Camp nr. 10 i rekka hausten 2025.

Helsing Kirsten og Jostein Ryland

Konsertar

Sundag 7. april: Var det «Songkveld, med glimt frå Cuba» i Hyllestad kyrkje, der Ingunn og Aslak Sognnes synta ljusbilete og fortalde frå tur til Cuba i januar i år. Ein kyrkjelydstur i regi av Bjørgvin bispedøme, der målet var å vitja Bjørgvin bispedøme si venskapskyrkje på Cuba og få eit lite inntrykk av korleis det er å

driva kyrkjelyd på Cuba, samt syna oss litt av kva hjelpesendingane frå Bjørgvin og Normisjon går til. «Moreld» liva opp kvelden med song. Det var kollekt til Bjørgvin bispedøme sitt «Cubaprojekt», det kom inn kr.4.150,-. 38 frammøtte.

Laurdag 13. april: Flott konsert med Line Dybedal (song, gitar og keyboard), saman med Mathias Marstrander (gitar). Flott samspel og Line si mjuke røyst, knytt saman med gode naturbilette/videoar gav ei stor musikalsk oppleving. Arr. Hyllestad kommune, i samarbeid med Hyllestad sokn.

17. mai

Fjordklang deltok i gudstenesta dette året og, tradisjonen tru. Like kjærcome kvart år! I år og, stilte dei opp saman nokre songarar frå Ukraina og framførte «Ukraina-Noreg» eit arr. av Magnar Åm, der Ja vi elsker er fletta saman med Ukraina sin Nasjonalsong. Ei sterk oppleving for songarar og oss tilhøyrarar! TAKK!

23. mai

«Moreld» baud inn til eit rikt og variert program med songar, der ei norsk omsetjing stod på skjermen dei gongene det var engelsk tekst. «Moreld» fortener honnør for det arbeidet dei legg i dette med å få teksten fram til oss alle! Alltid like kjekt og fengande å høyra og ikkje minst sjå den ekte songgleda



Onsdag 2. oktober

I november 2021 var Solveig Leithaug her og heldt konsert, saman med «Moreld». Den gongen var ho mest stemmelaus, fortalde ho, men Kirsten og Jostein Ryland hadde gjeve henne rikeleg med varm ingefær- og sitron-drikke. Det gjorde at ho, i det heile, makta gjennomføra den kvelden. No ynskte ho difor å koma attende ein gong til. Denne gongen med stemma på plass. Det vart ein lun og god konsert med variert repertoar, med gode kjære og kjende songar, samt nokre nyare. Ho åleine med song og gitar, eller song og flygel. I tillegg hadde «Moreld» litt «pauseinnslag». Ein flott kveld.

Kyrkjeblad – Heimeside – Facebook

Kyrkjebladet kjem no ut med berre to nr. i året, eitt i juni og eitt til jul. Mange er takksame for å få kyrkjebladet i postkassa og betalar bladpengar. Bladpengar, saman

med annonseinntekter, gjer det mogeleg å fortsetje å gje ut bladet.

I tillegg til kyrkjebladet kommuniserer Hyllestad sokn med innbyggjarane via Facebook. (søke på *Kyrkja i Hyllestad*) og heimesida (www.hyllestad.kyrkja.no) og, ikkje minst på den fantastiske «infortavla» som frivilligsentralen har fått på plass.

Lokalavisa Firda gratistenesta «Det Skjer», der er det no endra rutiner, noko som gjer det litt meir arbeidskrevjande å leggja inn og posten er litt varierende med ombering. Dette gjer at det er ikkje kvar gong dette vert gjort. På heimesida vår, www.hyllestad.kyrkja.no, finn ein gjeldande gudstenesteliste.

Kyrkjer, kapell og gravplassar

Kyrkjer

Bø kyrkje

Ikkje vedlikehald på Bø kyrkje dette året

Hyllestad kyrkje

Ikkje vedlikehald dette året

Øn kyrkje og Øn kapell

Ikkje vedlikehald dette året

Gravplassar

Årleg arbeid på alle gravplassane er planering og tilsåing av graver. Klipping og beskjering av hekk og trær. Fjerning og knusing av gravminne frå sletta graver.

Bø gravplass

Her er ein no tilnærma ajour med festeavgifter og kan soleis halda jamn flyt år for år.

Hyllestad gravplass

Arbeid med festeavklaring og opprydding på feltet nedom kyrkja, felt B, held fram. Gravlegging har vore i samsvar med fastmerka sidan 1990. Gravene nedst mot muren vil ikkje bli nytta då vi er usikre på tilstanden av muren. Det vil difor vera naturleg at gamle særeigne gravminne med bevaringsverdi vert plassert på dei næraste gravene. Ved gravlegging nyttar vi no oftast det omregulerte feltet på oppsida av kyrkja.

Øn gravplass

Her og står det mykje oppryddingsarbeid att på dei gamle gravfeltet. Ein del gamle fastmerkje vart skifta ut med nye. Festeavklaring held fram

Oppgåver på gravplassane som MÅ bli realisert. Vi har som mål å få realisert litt kvart år.

Bø gravplass:

- Undersøke om det gamle gravfeltet, A og B, kan nyttast til urnefelt.
- Måle og vedlikehalde toalett-/reiskapshuset (tidlegare bårhuset).

Hyllestad gravplass:

- Reiskapshus er heilt påkravd
- Påfylling av jordmasse på felt B, på nedsida av kyrkja, for å jamne ut grasbakken.
- Setje gravminna i samsvar med gravkartet på felt B.

Øn gravplass:

- Bore etter vatn – er problem med vassforsyninga.
- Fortsetje arbeidet med festeavklaring og få fjerna gravminne frå graver som ikkje lenger er ønskt festa. Dette er eit svært tidkrevjande arbeid som vil strekkje seg fram i tid.
- Påfylling av jordmasse for å jamne ut grasbakken og få gravminna plassert i samsvar med fastmerka. Gravlegging har vore utført i samsvar med fastmerka sidan midt på 1980-talet
- To nye benkar.

Hyllestad sokn – rekneskapen 2024

Årsberetning.

Rekneskapen til Hyllestad sokn vert ført av Hyllestad kommune, og revidert av Vestland revisjon, Kommunalt Oppgåvefellesskap. Dette som ein del av tenesteytingsavtalen med kommunen, og det fungerer godt.

Hyllestad sokn sin rekneskap har fire tenester:

Kyrkjeleg administrasjon (041), Kyrkjer (042), Gravplassar (043) og Anna kyrkjeleg verksemd (044). Kommunen har finansieringsansvaret for all aktivitet under dei tre første tenestene. Kommunen sitt økonomiske ansvar overfor den lokale kyrkja finn ein i «Lov om tros- og livssynssamfunn» (trossamfunnsloven) Kap 3 § 14. *Finansiering av Den norske kirke.* Gjeld frå 1.1.2021.

Hyllestad sokn eig gravplassane og har ansvar for gravplassforvaltinga. Dette i samsvar med «Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd» (gravplassloven) §1, 4 ledd og §23.

Kommunens finansieringsansvar for gravplassforvaltinga står i Gravplassloven § 3 «*Gravplassmyndigheten og kommunens ansvar.*», 2-3 ledd.

044 Anna kyrkjeleg verksemd (tidlegare soknerådsaktivitet, kyrkjelydsbyggjande aktivitet)

Inntektene under *Anna kyrkjeleg verksemd* er offer, gåver, øyremerka tilskot og basar m.m. Soknerådet mottok tilskot frå «Rettssubjektet Den norske kyrkja» til trusopplæring, der ein har rapporteringsplikt til Kyrkjerådet via bispedømmerrådet. Midlar som finansierer aktivitet, utdelingsmaterieil som til dømes dåpsbilde, dåpslys, fadderhelsingar og bøker

som vert delte ut. Bøker som 4-årsbok, 6-årsbok og bibel. Dette året har ein ikkje hatt kyrkjelydspeagog/trusopplærar. Tenestene under *Anna kyrkjeleg verksemd* er knytt til kvart sitt bunde fond. Dette fordi inntektene er øyremerkte og må nyttast til dei føremåla gjevar har ønskt. Desse tenestene vert difor avrekna mot bundne driftsfond før rekneskapsavslutning. Tenestene i rekneskapen går i balanse. Dette også fordi desse tenestene skal haldast utanfor dei tre tenestene (Administrasjon, Kyrkjer og Gravplassar) der kommunen har fullt finansieringsansvar.

Rekneskap - årsavslutning

Driftsrekneskapen er, under dei tre funksjonane der kommunen har finansieringsansvar avslutta med eit mindreforbruk på kr 315 673,-. Også dette året har soknet drive kostnadseffektivt. Kan peike på nokre ting i høve det relativt store mindreforbruket: høgare inntekt på festeavgift, mindre gravferder og derav kostnad på kjøp av graving, vedlikehald gravplassar – grunna vær og kapasitet fekk ein ikkje utført alt planlagt arbeid med å rette opp i gravrekker på gravplassane. Dei sparte midlane kjem godt med i budsjettåret 2025, sidan driftstilskotet frå kommunen er same kronebeløpet som i 2023 og 2024.

DRIFTSINNTEKTER

Sum driftsinntekter, inkludert inntekter under 044 Anna kyrkjeleg verksemd, kr. 3.096.241,- Brukarbetaling, avgifter og leigeinntekter, kr 254.601,-, Refusjonar/overføringar, kr 250.160,-

Tilskot frå rettssubjektet Den norske kirke (Kirkjerådet) til trusopplæring er kr 81 305,- samt 50 822,- frå trusopplæringsfondet som var udisponerte midlar i 2023. Rapporteringsplikt for trusopplæringstilskotet. Udisponert beløp eitt år går til fråtrekk frå tilskot påfølgjande år. Driftstilskotet frå kommunen, kr 2 165 000. Andre tilskot, gåver og innsamla midlar, kr 163.424,-

Kalkulatoriske inntekter og kalkulatoriske utgifter (går i null) er storleiken på kommunen si tenesteyting til soknet, kr 178.081,-. Det er i hovudsak utgifter kommunen har til rekneskapsføring, lønsutbetaling, revisjon, kontorlokale og snøbrøyting. Inntekter som er vanskeleg å budsjettere er gåveinntekter (inkludert bladpengar, basarinntekter og offer) festeintekter og provisjonsinntekter. Fleire inntekspotensiale har ikkje soknet.

Festeinntekter er usikre fordi ein på førehand ikkje kan vite kven som ønskjer å nytte seg av tilbodet om feste av grav.

Provisjonsinntekter

Inntekter for formidling av oppussing av gravminne og innhogging av nye namn, samt formidling av gravminnesal er òg usikre inntekter då vi på førehand ikkje kan vite kven som ønskjer å nytte seg av dette.

DRIFTSUTGIFTER

Sum driftsutgifter, inkludert utgifter under tenestene 044 Anna kyrkjeleg verksemd, kr 2.732.043. Løn og sosiale utgifter utgjer kr 1.327.736,- Pensjonsutgifter til KLP, kr 209 844. Kostnaden er litt vanskeleg å budsjettere då det er ein reguleringspremie som kan variere mykje frå eitt år til det neste. Reguleringspremien betalar ein både for tilsette som er i arbeid og tidlegare tilsette som er slutta i arbeid. Kjøp av varer og tenester, kr 988.579,-. Refusjonar/overføringar, kr 185.050,-. Tilskot og gåver kr 52.597,-. Kalkulatoriske utgifter og kalkulatoriske inntekter (går i null) er storleiken på kommunen si tenesteyting til soknet kr 178.081,-.

MVA-refusjon

Den samla mva-refusjonen i rekneskapen er kr 182 795,-

Avskrivningar kr 234.431,-.

Bruk av avsetningar og avsetningar er inkludert tenestene under 044 Anna kyrkjeleg verksemd, der det, som tidlegare nemnt, er avsetning til og bruk av bundne fond. Sum bruk av avsetningar, kr 277 094,-. Sum avsetningar, kr 371 936,-. **Mindreforbruk** kr 315 673,-

Investeringsrekneskapen

Kjøp av aksjar, andelar er Eigenkapital-tilskot til KLP kr 6426,- som og skal førast her. Investeringsrekneskapen er finansiert av midlar på ubunde investeringsfond.

044 ANNA KYRKJELEG VERKSEMD (TIDLEGARE SOKNERÅDSAKTIVITET)

Kyrkjelydsarbeid, oversikt over offer og gåver

Offer til eige arbeid: kr 19 781,-

Offer som er overført organisasjonar

- Anna arbeid/andre organisasjonar: kr 33 322,-
- Misjonsprosjektet NMS: kr 1855,-
- Kirkens Nødhjelp: kr 18 004,-

Basar og gåve kr 63 523,-

Kyrkjebladet kr 27 450,-

§12 (4) *I årsberetningen skal det gjeres rede for a. den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestillingen, herunder kjønnsfordelingen i styrende organer, Hyllestad sokn har 4 fast tilsette, 3 menn og 1 kvinne. Soknepresten som har Bispedømmerrådet som arbeidsgjevar, er mann.*

Hyllestad sokneråd

har 6 faste medlemmer, 5 kvinner og 1 mann. I tillegg møter soknepresten som er mann. Kommunal representant er kvinne. Rådet har 4 varamedlemmer (inkludert vara for soknepresten og kommunal representant), 1 kvinner og 3 menn. Personleg varamedlem til både soknepresten og den kommunale representanten, er menn.

b. eventuelle likestillingstiltak som er iverksatt og som planlegges iverksatt for å fremme likestilling uavhengig av kjønn, Ved soknerådsval blir det arbeidd for god kjønnsfordeling, men til siste val lukkast det ikkje.

c. eventuelle begrensninger når det gjelder tilgang til egne aktiviteter, styrende organer, verv eller stillinger

som har sammenheng med ett eller flere diskrimineringsgrunnlag, og

d. eventuelle segregerte aktiviteter eller tilbud.

Ingen merknad under c og d.

Glede og sorg

DØYPTE

Hyllestad: Emilie Larsen Solheim
Birk Meier Bygstad

KONFIRMERTE

Hyllestad: Benjamin Herland Aralden
Matias Holen Dale
Ronja Sundbotten Eikelid
Leander Mattson Hatlebrekke
Vilje Amanda Holst
Vibeke Fortun Lekva
Masha/ Mariia Liashenko
Malin Boge Skaar

VIGDE

Øn: Kenneth Albert Nilsen Fagerlid og
Anne Sølvi Seljevoll, 07.06.25

DØDE

Hyllestad: Leiv Borgfinn Gallefoss f. 1942

Øn: Margun Hyenes f. 1964
Einar Egil Varlid f. 1935
Fred Soltveit f. 1965
Svein Otto Solstad f. 1942
Judith Eide f. 1947

Bø: Rune Morten Handal f. 1982
Øyvind Elnes f. 1963
Oddvin Johan Hatleberg f. 1944



Treng du elektricar,
kontakt oss på tlf. 57 78 89 00



Lat oss realisere din bustaddraum!

Vi tilbyr:

- Hus og hytter frå Norgeshus
- Eigen prosjekteringsteneste
- Byggeleiing og prosjektleiing



6958 Sørbovåg - Tlf 992 81 401 - www.rylandbygg.no - rylandbygg@norgeshus.no

Velkommen til kyrkje

Her kan kome endringar då endeleg gudstenesteliste ikkje har vore gjennom soknerådet før bladet går i trykken. Fylg med på kyrkja i Hyllestad si Facebook-side, eller på www.kyrkja.no og på kulturkalenderen på kommunen si heimeside.

13.07	Øn, kl. 11:00: Kyrkjelydsarbeidet	02.11	Hyllestad, kl. 11:00: Leve Helgemesse
27.07	Korssund, kl. 14:00: Friluftsgudsteneste ved steinkrossen i Korssund.	16.11	Hyllestad, kl. 17:00: Cuba-prosjektet Familiegudsteneste
03.08	Dagsturhytta, kl. 12:00: Norske kyrkje utland	30.11	Hyllestad, kl. 18:00: Menneskeverd Lysmesse
24.08	Hyllestad, kl. 17:00: Trusopplæringa	14.12	Hyllestad: Den årlege julekonsertkonserten
07.09	Hyllestad, kl. 11:00: Cuba-prosjektet Hausttakkefest	24.12	Bø, kl. 14:00: Kirkens Nødhjelp Øn, kl. 16:00: Kirkens Nødhjelp
28.09	Hyllestad, kl. 18:00: Menneskeverd Tomasmesse	25.12	Hyllestad, kl. 14:00: Cuba-prosjektet
19.10	Øn, kl. 11:00: Kirkens SOS Bjørgvin	26.12	Eiklund, kl. 11.30
26.10	Hyllestad, kl. 15:00: Trusopplæringa Kyrkjelydsbasar		



Kyrkjekontoret formidlar sal av gravminne

frå Nergård Steinindustri, eit gamalt familiefirma som held til på Møre. Dei produserer/lagar alle gravminna sjølve.

På heimesida si skriv dei: «Hos Nergård har du lov å forvente litt ekstra.» Finn du eit gravminne som du ville hatt litt annleis så ordnar dei det. Kyrkje-kontoret har katalogar som du kan låne. Du kan òg besøke nettsida deira <http://www.nergaard.no/>

For dette får vi provisjon som vert brukt til å gjere gravplassane finare, utover vanleg gravplassvedlikehald.

Kontakt: *Aslak Åm Sognes tlf. 975 83 290*



*Takk for flott innsats i årets fasteaksjon og takk til alle gjevarane!
Det kom inn kr. 24.220,- i Hyllestad totalt med bøsser, bank og VIPPS*

INFORMASJON

Returadresse:

Kyrkjekontoret
Lifjordvegen 7
6957 Hyllestad



Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook

Hald deg oppdatert på det som skjer i kyrkjelyden – Lik Kyrkja i Hyllestad på Facebook!

Hyllestad sokneråd 2023 – 2027

Faste medlemmer:

Jan Olav Gjerde, Leiar
Inger Hauken, Nestleiar
Reidun Skår
Anny Dale Fureli
Brit Inger Skaar
Jofrid Hatleberg

Varamedlemmer:

1. Rune Risnes
2. Siv Åshild Fristad

Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefontid tysdag, onsdag og torsdag kl. 10-15
Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

Felles e-post: post.hyllestad@kyrkja.no

For anna adresseinfo sjå: www.hyllestad.kyrkja.no

Bankkonto driftskonto: 3837.15.51619

Bankkonto barne og ungd.arbeid: 3705.30.96396

KYRKJEKONTORET:

Kyrkjekontoret har fast kontordag onsdag.

Dagleg leiar/kyrkjeverje: Renate Ørnehaug Dale

E-post: RD944@kyrkja.no – Mobiltelefon: 915 16 644

Kyrkjeseekretær: Aslak Åm Sognnes

E-post: AS727@kyrkja.no – Mobiltelefon: 975 83 290

Sokneprest: Runar Matsui-Li

E-post: RM677@kyrkja.no – Mobiltelefon: 488 90 086

I KYRKJENE:

Organist Erling Akse – Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar Helge Oddvin Systad – Mobiltelefon: 952 23 549

UTADRETTA STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog: Sjå utlysing s.14

KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Bladpengar: Innanbygds kr 250,- pr år / Utanbygds kr 300,- pr år.

Bankkonto: 3705.01.58455

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Aslak Åm Sognnes, Audun Systad, Runar Matsui-Li og

Linda Ølmheim

Trykk: Printfarm AS

**Innhogging
av nye
namn og
oppfrisking
av skrifta på
gravminne**



Kyrkjekontoret formidlar
kontakt med ein som
gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på
tlf. **975 83 290**

E-post: post@hyllestad.kyrkja.no

Vi formidlar og sal av nye grav-
minne frå Nergård Steinindustri.